



Det vert med dette kalla inn til møte i

Programstyret for Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Medlemar:

Claire Ghatti, programstyreleiar
Kjetil Hjørnevik, programkoordinator, nestleiar programstyret
Brynjulf Stige, intern fagrepresentant
Monika Overå, ekstern fagrepresentant
Fridtjof Bjelland Nicolaysen, studentrepresentant
Moritz Menz, studentrepresentant

Sekretær:

Fredrik Due-Olsnes, studiekonsulent

Tid: Torsdag 23.10.25, kl. 13:15-15:00

Stad: GA / Microsoft Teams

Møte: 6/2025

Arkivnr: 2025/1011

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

II Godkjenning av protokoll programstyremøte 25.09.2025

III Sakar:

Vedtakssakar:

MUTP 24/25 Endring studieplan – PSYK130-MUTP130

Oppfølging av SAK 14/25 og 17/25.

Vedtakssak

MUTP 25-25 Studieplanrevisjon – Arbeidsgruppe

Vedtakssak

Diskusjonssakar:

MUTP 26/25 Terapeutiske dupleikar

Diskusjonssak

IV Referat og orienteringssaker

MUTP 27/25 Universell utforming

Informasjonssak

MUTP 28/25 Forskalinja – rekurttering og informasjon

Informasjonssak

V Eventuelt

16.10.2025
Claire Ghetti
Programstyreleiar

Fredrik Due-Olsnes
sekretær



Protokoll

Programstyret for Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Møtt:

Claire Ghetti, programstyreleiar
Kjetil Hjørnevik, programkoordinator, nestleiar programstyret
Monika Overå, ekstern fagrepresentant
Fridtjof Bjelland Nicolaysen, studentrepresentant
Moritz Menz, studentrepresentant

Sekretær:

Fredrik Due-Olsnes, studiekonsulent

Meldt forfall: Brynjulf Stige, intern fagrepresentant

Tid: Torsdag 25.09.25, kl. 13:15-15:00

Stad: GA / Microsoft Teams

Møte: 5/2025

Arkivnr: 2025/1011

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Godkjent

Merknad: Litt sein innkalling av studentrepresentantane

II Godkjenning av protokoll programstyremøte 28.08.2025

Godkjent

III Sakar:

Vedtakssakar:

MUTP 17/25 Endring studieplan – PSYK-emne

Vedtak

Programstyret ønskjer å gå vidare med å opprette eit nytt emne på 5 studiepoeng som skal vere ei støtte for PSYK130. Valet om MUV280/SANT104 vil ikkje bli videreført som ein del av denne endringa. Dette som ein kortsiktig plan, og programstyret har som mål å endeleg vedta dette i programstyremøte i oktober.

Programstyret er einig om at det er fleire fordeler med å på sikt opprette eit eige emne som inkluderer perspektiv mellom anna frå psykologi og sosiologi. Det blir difor to alternativ som skal verte utgreidd: 1) nytt 15 stp emne (enten med PSYK130 forelesningar, eller med innkjøp av psykologi og sosiologi kompetanse); og 2) 10 stp ope emne (med innkjøp av psykologi og sosiologi kompetanse, bl.a.) pluss 5 stp MT-spesifikk støtte-emne.

Merknad til vedtaket: Det må bli tatt høgde for kva ressursar musikkterapi har til eit eller fleire nye emne.

MUTP 18/25 Plan for treårig emneevaluering

Vedtak

Programstyret vedtar forslaget om plan for gjennomføring av treårig emneevaluering, og ber programstyreleiar og sekretær følgje opp informasjon og distribuering av skjema.

MUTP 19/25 MUF101 – innspel

Vedtak

Programstyreleiar og sekretær skriv ei oppsummering og sender som innspel på MUF101.

MUTP 20/25 Endring av møtedato 23. oktober

Vedtak

Inga endring av møtedato.

Diskusjonssakar:

MUTP 21/25 Studieplanrevisjon

Diskusjon

Studieplanrevisjon er sterkt ønska av studentgruppa.

Dette kan og vere sett på som rekrutteringsarbeid, og ein viktig del av tiltak for gjennomføringsprosenten.

Det er mest realistisk om ein skikkeleg start og plan hausten 26.

Ein må ha ei klar retning, med gode "mile-stones". Korleis fasilitere for ein god prosess i revisjonsarbeidet?

Me prøver å lage ein plan for neste møte. Må sette ned ei ny arbeidsgruppe.

MUTP 22/25 Rekruttering INMUT

Som ein viktig del av rekrutteringa og gjennomstrøyminga, skal ein og sjå på meir fleksible løysningar for innpassing av tidlegare utdanninga. Dette vert ein naturleg del av ein større revisjon av studieplanen.

I diskusjon blei det og løfta fram at ordlyden rundt opptaksprosessen med fordel kan blir endra. T.d. «prøvespel».

Programstyret skal og sjå på INMUT si digitale framstilling på UiB sine sider.

Profesjonsspørsmålet treng og ei grundig utgreiing.

Diskusjonssak

IV Referat og orienteringssaker

MUTP 23/25 NOU2025:7 Musikklandet

Informasjonssak

V Eventuelt**Tilbakemelding om bruk av MittUiB**

Det er ønska frå studentane at fagpersonar på INMUT får meir opplæring i bruk av MittUiB som det primære verktøy for formidling.

01.10.2025
Claire Ghatti
Programstyreleiar

Fredrik Due-Olsnes
sekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Saksvedlegg

PROGRAMSTYRET FOR FEMÅRIG INTEGRERT MASTERGRAD I MUSIKKTERAPI

Sak nr.: 24/25
Sakstype: Diskusjon

ePhorte saksnummer: 2025/1011
Møte: 23.10.2025

Endring studieplan – PSYK130/MUTP130

Vedlegg:

Vedlegg sak 24-25 MUTP130 Profesjonsførebuande

Informasjon om nedleggelse av PSYK111 Innføring i psykologi og psykologiens historie

Bakgrunn

Oppfølging av sak [14/25](#), [17/25](#).

PSYK111 *Innføring i psykologi og psykologiens historie* vert lagt ned etter inneverande semester – hausten 2025 er dermed siste gong PSYK111 vert gjennomført. Emnet vert erstatta av [PSYK130 innføring i psykologi](#) og [PSYK131 Innføring i psykologiens metode, vitskapsteori og historie](#). PSYK111 var på 15 studiepoeng, mens både PSYK130 og PSYK131 er på 10 studiepoeng. Det er i lærarmøter og programstyremøte avgjort at det er PSYK130 som skal erstatte PSYK111 i studieplan for musikkterapi.

Programstyret skal i denne saka gjere endeleg vedtak, og sende saka til vidare behandling i IRGA og fakultetsstyret.

Til saka

I SAK 17/25 blei det vedtatt å opprette eit nytt emne for musikkterapi på 5 studiepoeng som skal fungere som eit støtteemne til PSYK-emne. Det blei og foreslått å gjere PSYK-emne og nytt emne på musikkterapi som obligatoriske emne, dette inneberer å fjerne MUV280 og SANT104 som alternativ til PSYK-emne (jf. [SAK 06/24](#)).

MUTP130

Det er lagt fram forslag til nytt emne (fullstendig emneplan er vedlegg til saka):

MUTP130 Profesjonsførebuande: Kunnskap i bruk

I emnet skal studenten integrere og reflektere over kunnskapstradisjonar i musikkterapi, slik dette m.a. har vore arbeidd med i emna MUTP100 - Innføring i musikkterapi og MUTP103 – Musikkterapeori, og sjå dette i samanheng med kunnskapstradisjonar i psykologi, slik dette har vore arbeidd med i emnet Psyk130 – Innføring i psykologi.

PSYK130

Om ein ser på emneplanane til det nye PSYK130 vs. PSYK111, ser ein at alt som omhandlar «psykologiens historie» er fjerna, og ein står igjen med «innføring i psykologi». Det er framleis ingen obligatoriske undervisningsaktivitetar. Vurdering er framleis 4 timar «skuleeksamen», men omfanget her er kutta frå å svare tilfredsstillande på 3 av 5 til 2 av 3 essayoppgåver.

MUTP130 + PSYK130

Det er ikkje publisert timeplan for det nye PSYK130-emnet, men det må bli tatt høgde for i ei planlegginga av undervising og litteratur for MUTP130, samt anna undervising same semester.

Pensum i PSYK130 vert sannsynlegvis delar noverande pensum i PSYK111:

Holt et al. (2024) *Psychology: The Science of Mind and Behaviour*.

Det er ei bekymring for at ved å gjeninnføre eit PSYK-emne som obligatorisk emne i studieplanen, at det vil bli ein ny «propp» i gjennomføringa av studiet for studentane jf. [SAK 6/24](#). Det vert derfor ei forventning at emneansvarleg i MUT130 er kjent med pensum i PSYK130 og kan knytte dette opp mot pensum i MUTP130.

Det vert ikkje tilført ekstra ressursar til INMUT i innføringa av MUTP130, og studieprogrammet må derfor planlegge ut ifrå dei allereie eksisterande ressursane.

Studieplanendring

Noverande studieplan 2. studieår	NY studieplan 2. studieår
Haust: MUTP102 Musikkterapeutisk bruksmusikk MUF101 Musikk, kultur og samfunn Vel ein av tre: PSYK111 Innføring i psykologi og psykologiens historie MUV280 Popular Music Studies SANT104 Kultur, mening og kommunikasjon	Haust: MUTP102 Musikkterapeutisk bruksmusikk MUF101 Musikk, kultur og samfunn PSYK130 Innføring i psykologi MUT130 Profesjonsførebuande: Kunnskap i bruk
Vår: MUTP102 Musikkterapeutisk bruksmusikk MUF101 Musikk, kultur og samfunn MUTP205 Innføring i musikkterapeutisk praksis MUTPRA102 Musikkterapipraksis 2	Vår: MUTP102 Musikkterapeutisk bruksmusikk MUF101 Musikk, kultur og samfunn MUTP205 Innføring i musikkterapeutisk praksis MUTPRA102 Musikkterapipraksis 2

Forslag til vedtak:

Programstyret vedtar følgjande, ikraftsetjing hausten 2026:

- Fjerning av PSYK111 frå studieplan, i samband med nedlegginga av emnet
- Innføring av PSYK130 (10sp) som obligatorisk emne i 3. semester
- Oppretting av MUTP130 (5), som obligatorisk emne i 3. semester
- Fjerning valet om MUV280/SANT104 som alternativ til PSYK-emne

Claire Ghetti
Programstyreleiar

Fredrik Due-Olsnes
sekretær

Vedlegg SAK 24/25

MUTP130 Profesjonsførebuande: Kunnskap i bruk

Mål og innhald

Emnet har som mål å gje studenten teoretiske reiskapar til å reflektere over den musikkterapeutiske profesjonsrolla, der kunnskap vert tatt i bruk i samspel med brukarar av musikkterapi, kollegaar, leiarar og samfunnet rundt. Studenten lærer m.a. om kunnskap og kommunikasjon, om ulike analysenivå i forståing av menneske og helse, og om kombinasjon av innsikt, metodar og perspektiv frå faga psykologi og musikkterapi. Refleksiv evne til å vurdere spenningar og motsetningar mellom ulike kunnskapstradisjonar vert vektlagt.

I emnet skal studenten integrere og reflektere over kunnskapstradisjonar i musikkterapi, slik dette m.a. har vore arbeidd med i emna MUTP100 - Innføring i musikkterapi og MUTP103 – Musikkterapiteori, og sjå dette i samanheng med kunnskapstradisjonar i psykologi, slik dette har vore arbeidd med i emnet Psyk130 – Innføring i psykologi.

Læringsutbyte

Kunnskapar

Studenten kan

- gjere greie for korleis kommunikasjon kan forståast som eit grunnvilkår i musikkterapeutisk profesjonspraksis, i lys av perspektivmangfald, makt og kontekst
- gjere greie for biologiske, individuelle og sosiokulturelle analysenivå i psykologisk og musikkterapeutisk forskning og teori

Ferdigheiter

Studenten kan

- diskutere forholdet mellom individet og dei sosiale omgjevnadane
- reflektere over samanhengar mellom kunnskapssyn og menneskesyn
- vurdere spenningar og motsetningar mellom ulike kunnskapstradisjonar

Generell kompetanse

Studenten kan

- gjere greie for integrative teoritilnærmingar innan helserelaterte fag som medisin, psykologi og musikkterapi: biopsykososiale perspektiv, bioøkologiske perspektiv og enaktivisme

Studiepoeng, omfang

5 studiepoeng

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

Undervisningssemester

Haust

Undervisningsstad

Bergen

Undervisning og arbeidsformer

Arbeidet i emnet er sett saman av varierte undervisningsaktivitetar, og føreset aktiv studentmedverknad.

Konkrete aktivitetar inkluderer forelesing, gruppearbeid, verkstad/workshop m.m.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

All undervisning er obligatorisk og omfattar fleire komponentar/kurs. Fråvær på meir enn 20 % i ein eller fleire av komponentane i emnet fører normalt til tap av eksamensretta.

Obligatorisk arbeidskrav: I løpet av semesteret skal kvar student gjennomføre ein presentasjon på om lag 10 minutt, som integrerer innsikt, metodar og perspektiv frå faga psykologi og musikkterapi. Kvar student vil få tilbakemelding på presentasjon og vidareutviklar den mot eksamen.

Det er ein føresetnad at alle obligatoriske aktivitetar er gjennomførte og godkjende før eksamen.

Vurderingsformer

Eit munnleg foredrag på om lag 10 min som viser studentens evne til å vurdere spenningar og motsetningar mellom ulike kunnskapstradisjonar innan faga musikkterapi og psykologi. Foredrag bygger på obligatorisk arbeidskrav i emnet, slik at det gjenspeiler en integrering av innsikt, metodar, og perspektiv frå faga psykologi og musikkterapi.



Griegakademiet – Institutt for musikk

Dato
29.04.2025

Referanse
2025/4784

Informasjon om nedleggelse av PSYK111 Innføring i psykologi og psykologiens historie

Vi vil informere om at Det psykologiske fakultet har vedtatt å legge ned emnet PSYK111 Innføring i psykologi og psykologiens historie, gjeldende fra høsten 2026.

PSYK111 har siste undervisningssemester høsten 2025, og siste mulighet for vurdering høsten 2026.

PSYK111 Innføring i psykologi og psykologiens historie inngår som et alternativ på 3. semester i studieplanen til integrert master i musikkterapi.

PSYK111 som er på 15 studiepoeng, vil bli erstattet av emnene PSYK130 Innføring i psykologi og PSYK131 Innføring i psykologiens metode, vitenskapsteori og historie, som er på 10 studiepoeng hver.

Både PSYK130 og PSYK131 vil være åpne emner.

Med vennlig hilsen

Hege Sygna
seksjonssjef

Sondre Kleppa Øvrebø
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen underskrifter.

Postadresse
Universitetet i Bergen
Det psykologiske fakultet
Postboks 7800
N-5020 BERGEN

E-post:
post@uib.no

Organisasjonsnummer
874 789 542

Saksbehandler
Sondre Kleppa Øvrebø
Telefon: 55582710
Mobil:
E-post: info.psyfa@uib.no



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Saksvedlegg

PROGRAMSTYRET FOR FEMÅRIG INTEGRERT MASTERGRAD I MUSIKKTERAPI

Sak nr.: 25/25
Sakstype: Vedtak

ePhorte saksnummer: 2025/1011
Møte: 10.08.2025

Studieplanrevisjon

Bakgrunn

I KMDs kvalitetsmelding for 2024 er revisjon/redesign av musikkterapiutdanning hjå KMD, satt opp som eit av fleire viktige hovudpunkt for perioden 2025. Saka er og ei oppfølging av SAK 21/25.

Til saka

I SAK 21/25 kom det fram av diskusjonen at ein revisjon/redesign av studieprogrammet femårig integrert master i musikkterapi er sterkt ønska – både frå studentrepresentantane, fagleg tilsette og administrasjon.

For å komme i gang med arbeidet er det no lagt fram eit forslag til ei arbeidsgruppe som skal halde i arbeidet framover. Første oppgåve til arbeidsgruppa vil vere å sette ein realistisk framdriftsplan for arbeidet, og kva haustsemester ein har mål om oppstart.

Arbeidsgruppa skal legge fram plan for arbeidet med revisjon på programstyrtemøtet 11. desember 2025, og elles halde programstyret informert om framgangen i arbeidet.

Arbeidsgruppe:

Claire Ghatti
Kjetil Hjørnevik
Simon Gilbertson
Fredrik Due-Olsnes
[Studentrep?]

Forslag til vedtak:

Programstyret godkjenner forslaget til arbeidsgruppe, og

Claire Ghatti
Programstyreleiar

Fredrik Due-Olsnes
sekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Saksvedlegg

PROGRAMSTYRET FOR FEMÅRIG INTEGRERT MASTERGRAD I MUSIKKTERAPI

Sak nr.: 26/25

Sakstype: Diskusjon

ePhorte saksnummer: 2025/1011

Møte: 23.10.2025

Terapeutiske dupleikar

Bakgrunn

Hjå psykologisk fakultet, UiB, driv dei forskning rundt utvikling av terapeutiske dupleikar – er dette relevant for musikkterapiutdanninga?

Til saka

Spørsmålet om terapeutiske dupleikar samsvarer med problemstillingar som er løfta fram om musikkterapi på GA, t.d. i praksislærarmøte i september.

Spørsmål til diskusjon:

- Korleis vi arbeider med terapeutiske ferdigheiter / kompetansar i studiet i dag?
- Er interesse for å bruke tid på temaet framover, der vi m.a. kan vurdere om vi ønskjer å lære meir om korleis det vert arbeidd med dette i psykologstudiet ved UiB?
- Er det ønska å framheve dette i arbeidet med revisjon av studiet?

Claire Ghetti
Programstyreleiar

Fredrik Due-Olsnes
sekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Saksvedlegg

PROGRAMSTYRET FOR FEMÅRIG INTEGRERT MASTERGRAD I MUSIKKTERAPI

Sak nr.: 27/25

Sakstype: Informasjonssak

ePhorte saksnummer: 2025/1011

Møte: 23.10.2025

Universell utforming

Bakgrunn

LMU på UiB lyste ut midlar til arbeid med universell utforming.

Til saka

Forslag frå Simon Gilbertson blei inkludert i ein felles søknad frå KMD. Det er ikkje opplyst om når ei tildeling vil skje.

Project name

Analysis of the entrance examination process to the Integrated Master in Music Therapy program and Universal Access and Inclusive Educational Accessibility

Description and rationale

A systematic analysis of the entrance examination to the INMUT study program based on anti-oppressive and pro-inclusive elements of the public-facing documents and relevant policies. In essence these constitute the gatekeeping of access to the music therapy profession and is built on the existing collaboration with Al Fuller and Brad Fuller at the University of Western Sydney, Australia (2025). It is suggested that the current entrance procedures do not fulfill the criteria of universal access or inclusive societies. These topics are related to laws related to education and the core values that are emergent in music therapy theory on diversity and inclusive, compassionate societies. Aspects of idiosyncratic and diverse sensory, physical, cognitive differences along with a disconnect between the inclusive premises of music therapy are the source for the immediate need for this this project.

Methods

This project will include looking at the documentation, enactment, and provision of resources in relation to the entrance examination. This proposal is based on the rationale that recruitment to the music therapy profession is unavoidably and inescapably interdependent on the areas of interest of this systematic analysis. Data from the current documents,

information for prospective applicants, and a survey of current students and recent graduates, and staff. The findings of the project will be implemented into the discourse of the INMUT staff, teachers at GA, colleagues invested in anti-oppressive education. The main goal of the project is to lead to tangible changes in terms of universal access and reduction of unintended discriminatory practices in music therapy education.

Budget

A modest budget is requested to finance a research assistant (26 hours, at master student rate, due to the requirement for basic research competency) and a sum of 10.000 kr,- for the provision of new music materials (notation and physical instruments) for the entrance examination. The final element of the budget is investment-in-kind of 26 hours by Simon Gilbertson, and 10 hours by both Al Fuller, and Brad Fuller.

Claire Ghetti
Programstyreleiar

Fredrik Due-Olsnes
sekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Saksvedlegg

PROGRAMSTYRET FOR FEMÅRIG INTEGRERT MASTERGRAD I MUSIKKTERAPI

Sak nr.: 28/25

Sakstype: Informasjonssak

ePhorte saksnummer: 2025/1011

Møte: 23.10.2025

Forskarlinja - rekruttering og informasjon

Informasjon

Det har vore lav rekruttering til forskarlinja, og pr. no er det berre 2 studentar på forskarlinja – begge på 4. trinn.

Programkoordinator og programstyresekretær gjer no eit arbeid for å rekruttere fleire studentar til forskarlinja

Tiltak

- Informasjonsmøte for både 1. og 2. trinn, 21. november, kl. 1045-1130. Dette er mellom to undervisningsgrupper i emnet MUTP102, og det krasjar ikkje med anna undervising for 1. trinn.
- Hente informasjon frå GAMUT om pågåande forskingsprosjekt som kan vere aktuelle for studentar å kople seg på.
- Legge ut informasjon på MittUiB om forskarlinja. Pr. 14.10.2025 er det berre eit kort avsnitt i [studieplan](#) som seier noko om forskarlinja.

Claire Ghetti
Programstyreleiar

Kjetil Hjørnevik
programkoordinator

Fredrik Due-Olsnes
sekretær